

# STRANDA KOMMUNE

## SAKSPAPIR

|                          |                 |              |
|--------------------------|-----------------|--------------|
| <b>Styre, råd, utval</b> | <b>Møtedato</b> | <b>Saknr</b> |
| FORMANNSKAPET            | 27.09.2004      | 114/04       |

|   |                      |                              |
|---|----------------------|------------------------------|
| <b>Saksansvarleg:</b> Rådmann Ole-Johan Lillestøl |                      |                              |
| <b>Saksbehandlar:</b> Tove Hole Stavik            | <b>Arkiv:</b> K1-203 | <b>Arkivsaknr</b> 2004001321 |

### HØYRING OM SKATTEINNKREVJARUTVALET SI UTGREIING - BETRE SKATTEINNKREVING

#### 27.09.2004 FORMANNSKAPET

##### FOR-114/04 Vedtak samrøystes:

Stranda kommune stiller seg bak mindretalet i utvalet si innstilling om at skatteoppkrevjinga bør vere ei kommunal oppgåve. Utgreinga har ikkje sannsynleggjort at statleg-gjering vil gje betre og meir effektiv skatteinnkrevjing.

Utbetringstiltak som er foreslått i utgreiinga kan gjerast uavhengig av om det er kommunal eller statleg skatteinnkrevjing.

##### RÅDMANNEN SI TILRÅDING TIL FORMANNSKAPET:

Stranda kommune stiller seg bak mindretalet i utvalet si innstilling om at skatteoppkrevjinga bør vere ei kommunal oppgåve. Utredninga har ikkje sannsynleggjort at statleg-gjering vil gje betre og meir effektiv skatteinnkrevjing.

Utbetringstiltak som er foreslått i utredninga kan gjerast uavhengig av om det er kommunal eller statleg skatteinnkrevjing.

#### SAKSUTGREIING

##### **Bakgrunn for saka**

I Noreg er det fellesinnkrevjing av inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift på vegne av alle skattekreditorar. Desse skattekreditorane er staten, fylkeskommunane, kommunane og folketrygda. Fellesinnkrevjinga blir utført av dei kommunale skatteoppkrevjarane.

Stortinget har fleire gongar det siste tiåret handsama problemstillingar knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen. Finansdepartementet varsla gjennom St.prp. nr.63 (2001-2002) om at det ville gjennomføre ei brei utgreiing av tiltak for resultatforbetring av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Skatteutvalet blei oppnemnt 26.05.03, og leverte si utgreiing til Finansdepartementet 12.05.04. Utvalet si utgreiing, *NOU 2004:12 Bedre skatteoppkreving* er ved brev av 18.06.04 frå Finansdepartementet lagt ut til høyring for mellom anna KS og alle kommunar, med høyringsfrist 01.10.04.

Utvalets mandat har vore å vurdere og å foreslå tiltak som kan gje resultatforbetring av skatteoppkrevjarfunksjonen, både innanfor framleis kommunal organisering av funksjonen, og alternativt innanfor statleg organisering.

Høyringsuttalinga kan omfatte både *funksjonelle og strukturelle* forbetringstiltak. Det er ønska at ein legg vekt på element som *forenkling, effektivisering og brukarorientering*.

KS håper at alle landets kommunar vil gje høyringsuttaling og forankre denne gjennom politisk handsaming. KS sitt standpunkt er at skatteinnkrevjinga framleis må vere ei kommunal oppgåve, og oppmodar kommunane til å støtte dette.

KS si vurdering er at organiseringsspørsmålet er det klart viktigaste, og at høyringsuttalinga truleg bør konsentrerast om dette.

KS sine argument for framleis kommunalt ansvar for skatteoppkrevjinga er:

- Høg løysningsgrad
- God rettstrygging
- God brukarservice
- Kommunalt økonomisk sjølvstyre
- Folkevalt kontroll og innsyn
- Effektiv drift og ressursbruk pga synergieffektar
- Distriktpolitiske omsyn vert ivareteke
- Dagens skattebetalingsordning fungerer godt
- Eventuell statleg gjering vil medføre ein god del i overgangskostnader
- Konsekvensane er ikkje utgreia

*Utvalets vurderingar og konklusjon:*

Funksjonelle forbetringstiltak/ Forslag til forbetringstiltak som utvalet anbefaler gjennomført:

- Hyppigare rapportering og betaling av arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk
- Innføring av gebyr ved betalingsmissleg hald ved påleggs-/utleggstrekk
- Effektive sanksjonar
- Elektronisk tilgang til register
- Registrering av utleggsforretningar med *intet til utlegg* i lausøyreregisteret
- Styrking av kommunanes økonomiske incitament
- Skattekontoordning
- Overføring av restskatt til neste års forskot
- Tilgang til å innhente kontrollopplysningar frå tredjemann i samband med utføring av arbeidsgjevarkontroll
- Vidareutvikling av styringsparametrane på område for arbeidsgjevarkontroll
- Styrking av fagleg overordna myndigheits styringsfullmakter
- Tryggingstilling for skatte- og avgiftsforpliktingar
- Forbetring av funksjonen for innrapportering av oppgåver til skatteoppkrevjar
- Forskotsutskrivning
- Gjennomskjering av proforma eigarforhold – utvida beslagsrett

Strukturelle forbetringstiltak:

Her er utvalet delt i to.

- Fleirtalet, 5 av 7, meiner at vi bør få ei statleg organisering av skatteoppkrevjinga.
- Mindretalet, 2 av 7, meiner at vi bør behalde den kommunale organiseringa.

## Saksopplysningar

### *Statleg modell*

Modellen inneber at skatteoppkrevjing vert overteke av staten og vert regionalisert. Utvalet tek utgangspunkt i ein mogleg modell der funksjonane skatterekneskap, frivillig betaling, arbeidsgjevarkontroll og informasjonsverksemd vert overført til likningskontora, og der det vert etablert egne regionkontor for tvangsinnkrevjing.

### *Beskriving av modellen*

Modellen fôrutsett at det vert etablert ei linje for innkrevjing, medan arbeidsgjevarkontroll, informasjon, rettleiing og skatterekneskapen med frivillige innbetalningar vert lagt til fastsettingslina.

Oppgåver som i dag vert utfôrt av den kommunale skatteoppkrevjaren, vert overført til, og fordelt til ulike statlege einingar. Dei tvangsinnkrevjingsoppgåvene som i dag ligg hos skattefutkontora og skatteoppkrevjingskontora, vert lagt til regionale innkrevjingseiningar rundt om i regionen etter geografisk eller befolkningsmessige behov. Ein kan rekne med om lag 18 regionkontor, 100 avdelingskontor, og nokre lokalkontor.

Denne modellen etablerer eit skilje mellom frivillig innbetaling og innkrevjing. Eksisterande modell der vi har eit skilje mellom fastsetjing og frivillig innbetaling av skattekrav, vert ikkje oppretthaldt.

Strukturen på fastsetjingssida er ikkje forventa å verte endra i nemneverdig grad.

### *Resultatoppnåing / Løysingsgrad*

Modellen kan vere ei ulempe for skatteoppkrevjarane sitt innkrevjingsarbeid, men vil samstundes vere ein fordel for fastsetjingsområdet sitt arbeid med arbeidsgjevarkontrollen. Det vil verte mulig for fastsetjings – og innkrevjingssida å hente informasjon i kvar andre sine system, slik at registrert informasjon kan vere tilgjengeleg for alle som har behov for den.

Skyldnar vert handsama av to ulike instansar, noko som kan føre til økt ressursbruk ved at skatteoppkrevjar må sette seg inn i skyldnars forhold frå tida før forfall for å leggje rett innkrevjingsstrategi. I kor stor grad, vil avhenge av kvar grensenes for "frivillig betaling" og "tvangsinnkrevjing" vert lagt.

Arbeidsgjevarkontrollen vert lagt til likningskontora, noko som kan innebere færre kontrollar og større fysisk avstand til kontrollobjekta. Organisatorisk samordning av arbeidsgjevarkontrollen vil vere med på å gje større faglege miljø og betre grunnlaget for å oppnå spesiell kompetanse. Noko som kan gje høgare kontrolleffektivitet.

Arbeidsgjevarkontrollane er allereie delvis sentralisert gjennom ulike former for interkommunalt samarbeid, så det er ikkje openbart kor sterk ein evt. sentraliseringseffekt vil verte.

### *Nærheit/ Tilgjenge-/ Servicegrad*

Kvar eining får større geografisk ansvarsområde, noko som kan gje redusert moglegheit for å oppnå viktig lokalkunnskap for arbeidsgjevarkontroll og innkrevjing. Dette kan isolert sett gje svakare resultat. På den andre sida, kan dei evt. problema som nære relasjonar mellom skatteoppkrevjar og arbeidsgjevar/ skatteytar bli redusert.

Modellen vil ikkje i same grad som dagens modell gje geografisk nærheit, noko som kan vere ei ulempe for publikumsservicen. Dette ser ein først og fremst som eit problem for personlege skatteytarar og enkeltmannsfôretak. For næringslivet meir generelt, kan manglande nærheit oppvegast av at det blir færre einingar å halde seg til, og at kompetansen ved det enkelte kontor blir betre og meir omfattande.

Modellen inneber at talet på særnamnsmenn reduserast då talet på skatteoppkrevjarkontor vert redusert, og fordi skattefutkontor og skatteoppkrevjarkontor vert slått saman. Modellen vil truleg legge til rette for ytterligare koordinering av det offentleges tvangsinnkrevjing myndigheiter, ved at nesten alle einingar med namnsmannsmyndigheit vil vere fagleg og administrativt underlagt staten.

### *Rettstryggleik*

Det organiske skiljet mellom fastsetjing og innkrevjing er ikkje oppretthaldt fordi innbetalingsfunksjonen ligg til fastsetjingseininga. Tvangsinnkrevjinga blir framleis skilt frå fastsetjinga sjølv om begge oppgåvene no ligg til staten. Behovet for å sikre at det ikkje vert teke innkrevjingsomsyn ved fastsetjinga må no verte ivareteke inne i organisasjonen. Dette kan skje gjennom systemmessige tilgangs- og endringsavgrensingar. Det at tvangsinnkrevjinga er lagt til eiga linje i organisasjonen, gjer til at problemet vert redusert.

### *Styring og effektivisering*

Fagleg og administrativt ansvar er på same linje, noko som gjev muligheit til meir direkte styring. Dette då modellen er meir hierarkisk og har mindre desentraliser avgjerdsrett enn dagens modell. Modellen skal gjere det lettare å setje i verk strategiar og prioriteringar i alle ledd, her under også på fastsetjingssida. Modellen inneber at skatteoppkrevjarkontora må administrerast innanfor skatteetaten, i staden for den kommunale forvaltning. Det medfører økt behov for administrative ressursar i skatteetaten, mens behovet vert redusert i kommunen. I den grad det eksisterer stordriftsfordelar, vil denne modellen føre til økt effektivitet og redusert ressursbehov.

I dagens modell kan det synest som om det er slike stordriftsfordelar, i alle fall opp til eit visst nivå. Pågåande prosessar med samarbeid over kommunegrensene er basert på ein føresetnad om at ressursbruken skal effektiviserast.

Modellen fører til at brukarmiljøa blir meir homogene. Den kan effektivisere utviklinga og drifta av IKT - løysningar. Løysingane innanfor dagens modell gjer det likevel usikkert om gevinstane vil verte særlig store.

Færre og jamt over større einingar vil gje større føresetnad om å bygge opp og sikre gode faglege miljø. Modellen legg til rette for spesialisering.

### *Økonomiske kriminalitet*

I den grad sentralisering medfører høgare kompetanse og kvalitet, vil innføring av modellen føre til at einingane kan verte betre rusta til å avdekkje økonomisk kriminalitet.

### *Omsynet til kommunane*

Ei statleg gjering av skatteoppkrevjarfunksjonen kan uløyse synergieffektar mellom skatteoppkrevjarfunksjonen og andre delar av skatteforvaltninga. På den andre sida mister ein dei synergieffektar som i dag finst mellom skatteoppkrevjarane og den resten av kommuneforvaltninga (skatteoppkrevjing og innkrevjing av andre kommunale krav).

Det faglege miljøet i økonomiadministrasjonen blir redusert, noko som vil ha størst betyning for dei små kommunane.

Modellen inneber at det totale talet på tilsette innanfor skatteforvaltninga blir lågare og dels at forvaltninga blir meir sentralisert.

Statleg gjeringa inneber ikkje i seg sjølv noko innsnevring av moglegheitene for folkevalt innsyn og kontroll. Kommunane kan bli gitt innsyn i skatterekneskapsforvaltninga, slik at dei kan få innsyn i rekneskapsføring og fordeling. Ordninga med skatteutval kan evt. behaldast, sjølv om skatteutvalet innanfor ei statleg organisering bør få ei anna samansetning enn dagens organisasjonsmodell.

Det er først og fremst statskassa som kan tene på ei meir effektiv skatteoppkrevjing, og det er derfor staten som har det mest direkte, økonomiske incitamentet for å sørge for at skatteoppkrevjarfunksjonen er effektivt innretta.

Det kan vere mogleg å tenkje seg ordningar som gjev kommunane sterkare incitament til å prioritere skatteoppkrevjinga innanfor dagens system.

Ei statleg-gjering av skatteoppkrevjinga bør ikkje vere til hinder for at det for eksempel vert etablert ein meir direkte samanheng mellom den økonomiske utviklinga i lokalsamfunnet og kommunane sine inntekter. På den andre sida, vil ei overføring til staten gjere det vanskelegare for kommunane sjølv å handtere oppkrevjing

av egne skattar. Denne problemstillinga er særleg aktuell dersom planane om å tilbakeføre selskapsskatten eller å utvide eigedomsskatten vert realisert.

### *Omstillingskostnader*

Ei fullstendig statleg-gjering av skatteoppkrevjinga krev større omstillingskostnader enn oppgåveforskyvingsmodellen. Det vil innebere administrative kostnader, her under styring av omorganiseringsprosessen, overføring av tilsette til staten og kostnader til lokale og utstyr. Det vil innebere kostnader til faglege systemmessige endringar, til ny struktur og opparbeiding av kompetanse i dei statlege organa. Omorganiseringa kan ta tid og medføre ein risiko for provenyrtap.

## **Vurdering**

### *Resultatoppnåing / Løysningsgrad*

Fleirtalets vurdering og konklusjon er at ei statleg organisering av skatteoppkrevjingsfunksjonen er mest naturleg. Ei statleg organisering vil gje betre ressursutnytting og betre resultat. Den vil legge til rette for ei meir brukarorientert innretting av heile skatteforvaltninga.

Fleirtalet meiner at undersøkingar gjev signal om at det er ein positiv samanheng mellom kontorstorleik og innkrevjingsresultat. Dei hevdar et den mest nærliggande forklaringa på dette er spesialiseringsgevinstar, stordriftsfordelar, og betre kompetanse ved dei større kontora. Samtidig hevdar dei at det er krevjande å analysere skatteoppkrevjarane si verksemd. Enkle analysar kan gje misvisande resultat, noko som kan gje eit urealistisk bilde av korleis skatteoppkrevjarane utførar sitt arbeid.

Mindretalet i utvalet hevdar at undersøkingar viser at skatteoppkrevjarane oppnår gode resultat, med ei løysningsgrad på langt opp mot 100 %. Nesten 80 % av kommunane har færre enn 10 000 innbyggjarar, og undersøking viser og at små kommunar i gjennomsnitt har tilnærma like gode resultat som dei store. Vidare viser det seg at ressurstilgangen ved skatteoppkrevjarkontora er tilfredsstillande når det gjeld personalressursar, juridisk kompetanse, og støtteressursar.

Vi vurderer det slik at dokumentasjonen som skal støtte ei statleg-gjering av skatteoppkrevjarfunksjonen på dette området er usikker. Det er ikkje lagt fram talmateriale som støttar opp om fleirtalets påstandar, og det kan synest som om påstandane er mangelfullt utgreia. Vi viser til artikkel i Kommunal Økonomi nr. 06/2004, som framhevar manglane ved utgreiinga. I talmateriale som kjem fram ved hjelp av regresjonsanalyse, vert det stilt spørsmål om forklaringsvariablane og deira sin verdi. Modellen legg for eksempel til grunn at skatteoppkrevjar ikkje kan påverke talet på personar som vil misleghalde sine betalingspliktar og at skatteoppkrevjar vektlegg store og små krav likt. Då dette er viktige faktorar for å oppnå gode resultat, kan analysen lett gje misvisande resultat.

Dagens ordning gjev gode resultat, anna er ikkje påvis. Utbetringstiltaka som utvalet har lagt fram meiner vi kan gjerast uavhengig av kommunal eller statleg organisering. Rådmannen meiner dette talar for mindretalet si innstilling om framleis kommunal organisering.

### *Nærheit, Tilgjenge, Servicegrad*

Fleirtalet i utvalet meiner at betyinga av nærheit ikkje må overdrivast. Dei viser til analysane som syner at dei større kontora oppnår høgare resultat enn sei små. Dei viser og til at skatteoppkrevjarane sjølve ikkje har tillagt nærheit avgjerande betying i måten dei organiserar seg på. Dei nemner til eksempel storbyane Oslo og Bergen, som har valt å ikkje ha utplassert skatteoppkrevjarar ved bydelskontora.

Nærheit kan og bety betre tilgjenge for brukarane. Dette momentet er ikkje så relevant i nyare tid, då dei færraste har bruk for å møte skatteoppkrevjar ansikt til ansikt. Det meste kan ordnast over telefon eller ved e-post. Fleirtalet støttar likevel her opp om at dagens ordning gjer at brukaren lett kjem i kontakt med skatteoppkrevjaren, og at brukar venlig heita dermed er god.

Mindretalet i utvalet hevdar at lokal forankring er viktig for å få nødvendig informasjon som grunnlag for å velje rett innkrevjingsstrategi. Heile 97 % av skatteinnkrevjarane i ei undersøking er heilt eller delvis einige i dette.

Ein mogleg framtidig situasjon med færre skatteoppkrevjarkontor gjennom for eksempel interkommunalt samarbeid, kan medføre ein viss reduksjon av nærheit og tilkomst. Sett i høve til ei eventuell statleg-gjering av skatteinnkrevjinga, som vil utgjere massiv sentralisering, blir konsekvensane likevel små.

Mindretalet viser og til ei undersøking gjort av Norsk Gallup i 2002, retta mot næringslivet. Der kjem det fram at lokalt næringsliv gjev dei kommunale skatteoppkrevjarkontora vesentleg betre "score" enn dei statlege skattekontora på spørsmål om: - tilkomst, kundebehandling, saksbehandlingstid, informasjon og forutsigbarheit.

Dei meiner at dette gjev grunnlag for å hevde at dagens organisering er god.

Utvalet er einige om at dagens organisering gjev nærheit og er brukarvenleg. Utvalets utgreiing om betyninga av dette, overtyder ikkje om at dette er eit uvesenleg punkt. Det viktigaste for god og effektiv innkrevjing er å få god kontakt med skyldnaren. Mange treng hjelp for å kome ut av ein vanskeleg økonomisk situasjon, ei hjelp som er viktig å gje. Ved å arbeide nært opp til skyldnaren kan ein lettare utarbeide realistiske betalingsplanar som er til å leve med. Der skyldnaren blir skjønnslikna eller har fått utskrive "feil" forskotskatt, kan ein og lettare vere til hjelp for å få likninga teken opp att. Det er allereie utarbeida gode samarbeidsrutinar med likningskontoret.

Rådmannen meiner dette talar for at dagens løysning er best for brukarane.

### *Rettstryggleik*

Fleirtalet hevdar at det ved statleg organisering kan lagast løysingar som kan ivareta dette kravet.

I dagens organisering vert dette kravet vedteke, og mindretalet meiner at dagens løysning gjev den beste rettstryggleiken. Ei statleg løysning vil svekke dette kravet.

Utvalets fleirtal har gjeve forslag til korleis ein kan ivareta rettstryggleiken. Om ein klarer å utvikle slike system, og kor gode dei evt. vil verte, er pr. i dag usikkert.

Rådmannen meiner at omsynet til rettstryggleik talar for at dagens løysning er best for brukarane.

### *Styring og effektivisering*

Utvalets fleirtal hevdar at statleg-gjering av skatteoppkrevjarfunksjonen vil gjere det mulig å legge opp til ei enskapleg utvikling og innføring av løysingar som ikkje vil vere avhengig av geografiske grenser og frivillig samarbeid. Det vil verte lettare å gjennomføre strategiar og prioriteringar. Dei hevdar at det og på IKT sida vil bli oppnådd fordelar og kostnads innsparingar.

Statleg-gjering vil legge til rette for samordning og effektivisering av namsmannsoppgåvene. Det er i dag ein rekkje aktørar med namsmannsmyndigheit som kan aksjonere mot dei same skyldnarar. Dette kan vere med på å gjere forholda uoversiktlege.

Mindretalet hevdar at dagens ordning med mål- og resultat styring, der oppnådde resultat samanheldt med eit på førehand oppgitt mål, gjev gode resultat på ein ressurseffektiv måte. Organiseringa er fleksibel og tilpassingsdyktig samanlikna med ei statleg linjeorganisering. I ein framtidssituasjon med sannsynlegvis større kommunale skatteoppkrevjarkontor, kan ein oppnå reduserte administrative kostnader i den grad det er mulig å oppnå stordriftsfordelar.

IKT utviklinga i kommunane er langt framme. Det nasjonale fellessystemet som kjem i 2007, vil medføre at alle kommunale kontor vil ha same system og dei same teknologiske mulighetene.

Kor vidt ein vil oppnå fordelar innanfor styring og effektivisering innanfor ei statleg gjering av skatteoppkrevjarfunksjonen er usikkert. Kor effektivt noverande løysning er, og kor effektiv ei statleg

ordning vil verte, er ikkje svart på. Rådmannen finn det derfor vanskelig, ut frå omsyn til styring og effektivisering, å støtte at ei statleg-gjering vil vere å føretrekke framfor noverande løysning.

### *Økonomisk kriminalitet*

Fleirtalet i utvalet har tru på at i den grad sentralisering medfører høgare kompetanse og kvalitet, vil det vere med på gjere einingane betre rusta til å avdekkje økonomisk kriminalitet. Tiltak som man i dei seinare åra har gjort for å forbetre arbeidsgjevarkontrollen, har ikkje oppnådd ønska resultat. Utvalet kan ikkje sjå korleis dei innanfor dagens system skal klare å få gjennomslag ute i kommunane for å styrke denne funksjonen.

Mindretalet i utvalet hevdar at lokalkunnskap har betyning for forskotstrekk- og avgiftsunndraging, og nærheit har førebyggjande effekt i forhold til skatteunndragingar.

Dagens kontrollrutinar har fungert godt, har hatt ei positiv utvikling. I den grad utviklinga innan kommunal sektor medfører større skatteoppkrevjarkontor, vil dette truleg vere positivt i forhold til arbeidsgjevarkontroll og motarbeiding av økonomisk kriminalitet.

Ei undersøking viser til at ressursane ved skatteoppkrevjarkontora er tilfredsstillande både når det gjeld personalressursar, juridisk kompetanse og støtteressursar. Effekten av evt. stordriftsfordelar ved ei statleg organisering er usikker.

Det er derfor grunn til å hevde at dagens organisering fungerer tilfredsstillande.

### *Omsynet til kommunane*

Utvalet rapporterer at flytting av skatteoppkrevjinga kan få negativ verking for andre delar av den kommunale administrasjon, ved at ein misser synergieffektar mellom skatteoppkrevjinga og andre økonomiske og administrative funksjonar. Ein slik effekt vil og gjere seg gjeldande ved interkommunale løysningar.

Fleirtalet i utvalet hevdar at det likevel har vore ei utvikling dei seinare åra i retning av at stadig fleire kommunar sett ut oppgåvene med innkrevjing av kommunale avgifter og gebyr til private inkassobyrå. At skatt i stadig større grad er blitt eit statleg sak, svekkjer og grunngevinga for kommunal forankring av innkrevjinga. Fleirtalet i utvalet meiner at ei statleg gjering ikkje er til hinder for at kommunane framleis kan vere med på å påverke sitt inntektsgrunnlag.

Utvalets mindretal vektlegg at dagens ordning inneber at det vert oppretthaldt innkrevjingsmiljø og arbeidsplassar i utkantstrok.

Det er brukarane som må settast i fokus for å kunne oppnå gode resultat. Skatteinntektene er det offentleges viktigaste inntektskjelde, her under for kommunane. Ei statleg-gjering av innkrevjinga vil ikkje kunne utøve same fleksibilitet som noverande ordning, noko som kan føre til langt større restansar. - Mindre skatteinntekter vedkjem og kommunen.

Rådmannen meiner og at det gagnar innkrevjinga at det vert oppretthalde gode innkrevjingsmiljø i kommunen. Dette hevar kompetansen, og ein får utnytta ressursane på ein god måte.

Rådmannen meiner at dagens organisering er den beste for brukarane, og dermed også for kommunane.

### *Omstillingskostnader*

Statleg-gjering vil medføre omstillingskostnader. Fleirtalet i utvalet hevdar at det er mogleg å byggje på den eksisterande organisasjon. Dei statlege skattefutkontora har mykje av den nødvendige kompetansen og likningskontora har kompetanse på arbeidsgjevarkontrollområda. Omorganiseringa vil i stor grad skje som verksemdovertaking, og ein kan bygge vidare på dei IKT løysningane, rutinar og kompetanse som finst i forvaltninga i dag. Dei har lita tru på at overtakinga i seg sjølv vil føre til provenytpap.

Mindretalet i utvalet hevdar at omorganiseringa vil innebere omstillingskostnader i forhold til omfattande utgreiingar og fleire års arbeid, etablering av lokal og utstyr for nye skatteoppkrevjarkontor, opplæring av nye skatteoppkrevjarar og tap av proveny.

Utvalet har ikkje kvantifisert omstillingskostnadane. Eit evt. proveny tap er det og vanskeleg å seie noko om. Men om ei statleg gjering vil svekke innkrevjinga, er det grunn til å tru at proveny tap vil oppstå.

**Vedlegg i saka:**

NOU 2004: 12, Kap. 1 og 2

Høyringsbrev datert 18.06.04

Brev frå KS datert 02.07.04

Artikkel frå Kommunal økonomi nr 06/2004

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

\*

**Dokumentliste:**

| <b>Nr</b> | <b>T</b> | <b>Dok.dato</b> | <b>Avsender/Mottakar</b>           | <b>Tittel</b>   |
|-----------|----------|-----------------|------------------------------------|---|
| 1         | I        | 18.06.2004      | Det kongelige<br>Finansdepartement | HØYRING OM<br>SKATTEINNKREVJARUTVALET SI<br>UTGREIING - BETRE SKATTEINNKREVIING |